



Øksnes Anlegg AS  
Valestrand  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1554 - 17/24758

Sakshandsamar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
07.12.2017

## 136/107 - Eide - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av garasje - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 342/17**

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Ansvarleg søkjar: Øksnes anlegg AS, Valestrand, 5281 Valestrandsfossen.  
Tiltakshavar/fakturamottakar: Rune Berge, Eidsgotene 34, 5281 Valestrandsfossen.  
Søknaden motteke: 16.06.2017 med tillegg motteke 01.09.2017.

### RÅDMANNEN SITT VEDTAK

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av garasje på gnr. 136, bnr. 107, Eide på fylgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan og teikningar motteke 16.06.2017, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf. forskrift om byggesak § 9-3.
3. Tiltaket er tilstrekkeleg dekkja med ansvar, jf. plan og bygningslova § 21-4, 2. ledd.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen."

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje.

Det vert elles synt til søknad motteke 16.06.2017 med tillegg motteke 01.09.2017

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett når den var motteke. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 30.06.2017.

Dokumentasjon vart motteke 01.09.2017.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.09.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

I søknaden er det bede om at søknaden skal sjåast på som ein søknad saman med søknad for gnr. 136, bnr. 123, snr. 1.

Kommunen har i brev av 30.06.2017 føreslått at det vert gjort avtale om at søknad om løyve til oppføring av garasje på gnr. 136, bnr. 107 har same sakshandsamingsfrist som søknad om løyve til tiltak på gnr. 136, bnr. 123, seksjon nr. 1, i sak 17/1553, jf. plan- og bygningslova § 21-7, siste ledd.

Kommunen har ikkje motteke merknader til dette framlegget, og sakshandsamingsfristen er difor den same som i sak 17/1553.

Søknaden i sak 17/1553 var klar for handsaming den 04.09.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### **Planstatus**

Tiltaket ligg innanfor områderegulering Valestrand sentrum arealplan-ID: 2011003.

I områdeplan Valestrand ligg gnr. 136, bnr. 107, innanfor byggeområde bustad B18, der maksimum utnyttingsgrad %-BYA = 30 %.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan og teikningar motteke 16.06.2017.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense synt til å vere 0 meter frå gnr. 136, bnr. 123. Eigar av gnr. 136 bnr. 123 har i dokument datert 17.02.2017 samtykka til at det vert ført opp garasje "vegg i vegg" på gnr. 136, bnr. 107.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

## **VURDERING**

### **Plassering**

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Konklusjon**

Rådmannen vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til oppføring av garasje på gnr. 136, bnr. 107.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Til orientering**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1554.

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.2.8	Tiltak: oppføring av garasje	8.200,-
	- 50 %, jf. forskrift om byggesak § 7-6	4.100,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>4.100,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					4.100,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Laura Ve  
Seksjonsleiar Plan og Teknisk forvaltning

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Rune Berge

Eidsgotene 34

5281

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakar:**

Øksnes Anlegg AS

Valestrand

5281

VALESTRANDSFOSSEN